

## OPPMÅLT BÅT – PROSJEKT NR 6620

### BÅT

Færing frå Jøssang, brukt bl. a. til å borda rutebåten i Botnefjorden for å henta turistar som skulle til Preikestolen.

Båten er i dårleg stand, nærmast eit vrak, men linjer og form kunne likevel rekonstruerast nokså nøyaktig. Teikningane viser båten slik den må ha vore som ny.

### TEIKNINGAR

6620-1 Færing – Langskipsnitt og plan

6620-2 Færing – Snitt og detaljar

6620-3 Profil

### EIGARAR

Toralf Jøssang hadde denne båten i mange år. Sonen Terje Jøssang overtok seinare både båt og naust etter faren.

### HOVEDDIMENSJONAR

Me veit lite om korleis Hans Notvik målte båtane, men det er mest sannsynleg at lengda vart målt i norske fot mellom stamnane. I så fall er dette ein båt på 14 ½ fot.

-Største lengde:	4,730 m – 15 fot og 15/16 tomme (norske)
- Lengde mellom stamnar:	4,540 m – 14 fot 5 og 5/8 tomme
- Største bredde:	1,520 m
- Lengde/breddeforhold:	3,11

### BYGGJEÅR OG BÅTBYGGJAR

Eigarene har opplyst at færingen vart bygd av Hans Notvik i 1942.

### HISTORIE

Båten har vore på Jøssang sidan den var ny.

### TEKNISK SPESIFIKASJON

Profilen er typisk for aslakkbåtane og det er derfor ikkje tvil om kor den er bygd.

Dette er ein typisk bruksbåt som ikkje er serleg forseggjort og skil seg såleis ein del ut frå seglbåtane frå same båtbyggjar.

Kjølen har ein jamn boge over heile lengda slik at den er ca 15 mm høgare i endane enn på midten. Det er usikkert om dette er eit resultat av endring under lagring eller om den var slik som ny, men mål på banda kan tyda på at den var bygd slik.

Kriet (lotet) bak er laust, bakre delen av kjølen var ikkje på plass og huda har delvis losna frå banda. Banda viser likevel korleis båten må ha sett ut. Spesielt der det er faste tofter er konstruksjonen stiv og kan ikkje ha endra seg serleg. Teikningane er derfor delvis ein rekonstruksjon, men det er mange haldepunkt og teikningane viser derfor nokså nøyaktig korleis båten var som ny.

Båten har tre børe og fast framtofte og midttofte. Botnen er uvanleg smal og det andre boret er også relativt smalt. Dette fører til at det øvste boret, ripebordet, blir breiare enn vanleg på rogalandsbåtane. Det er bare brukt sagde bord. Båten har ikkje hatt segl, rigg eller ror. Tiljer, baktofte og årar manglar, men på Jøssang var det ei åre som skal ha vore brukt. Åra var 2,65 m lang.

Båten er bygd av furu med eik i kjøll, kri, stamnar og tollegangar. Det er brukt forsinka fabrikk laga saum. Avstanden mellom saumane er 220 -240 mm. Banda er festa med gjennomgåande saum eller spiker med roer, mens esingane er festa med spiker som er nøkte på innsida. Banda er spikra fast til kjølen, dette er uvanleg på andre færingar me har undersøkt. Banda er saga ut av rett plank. Det ser ut til at byggjaren har kompensert for dette med å auka dimensjonen litt. Rengene er derimot av krokvaksne emne.

I framrommet er det andre boret på begge sider reparert på ein amatørmessig måte ved å leggja eit bord på innsida og klinka dette fast med gjennomgåande saum.

Utvendig er båten kvitmalt over vasslina og har raudt koparstoff under. Innvendig er toftene og det øvste boret kvitmalt, mens resten er tjørebredd.

26.1.2012 Svein Langvik